



Arkivnr: 2014/13889-144

Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		

Høyring om nye læreplanar i skulen - framlegg frå Trygg Trafikk om uttale frå FTU**Samandrag**

I november 2018 vart det lagt ut skisser til nye læreplanar i skulen som mellom anna FTU gav innspel til. I skissene var det ikkje lagt opp til kompetanse mål for trafikk- og sykkelopplæring i skulen. Det var FTU sitt hovudbodskap at dette måtte inn i læreplanane. No er forslag til nye læreplanar i skulen ute på høyring, med høyringsfrist 18. juni 2019. Kunnskapsdepartementet skal fastsetta læreplanane i haust, og dei skal takast i bruk frå skulestart 2020.

Trygg Trafikk har skrive brev til FTU der dei rår utvalet til å gi eit høyringssvar avgrensa til læreplan for kropsøving, då denne er relevant for framtidig trafikkopplæring i skulen. Fylkesrådmannen rår til at fylkestrafikksikringsutvalet gir ein høyringsuttale i tråd med forslag til uttale.

Økonomi: Saka har ingen økonomisk verknad for fylkeskommunen.

Klima: Saka har ingen direkte verknad på klimaet. Indirekte kan trafikk- og sykkelopplæring i skulen på sikt ha ein positiv verknad på klimaet, som eitt av fleire tiltak for å få folk til å velja ein miljøvenleg og aktiv transportform (gange og sykling).

Folkehelse: Saka har ingen direkte verknad på folkehelse. Indirekte vil ein, gjennom å påverka folk til å velja ein aktiv transportform, kunne forbetre folkehelsa.

Regional planstrategi: Saka har ingen direkte samanheng med regional planstrategi for Hordaland.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir uttale til høyringa om nye læreplanar i skulen, i tråd med framlegget i saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Høyring fagfornyinga og trafikkopplæring - innspel til FTU frå Trygg Trafikk 8.5.2019

Fylkesrådmannen, 15.05.2019

Bakgrunn

Hausten 2018 vart det lagt ut skisser til nye læreplanar i skulen som FTU gav innspel til. I skissene var det ikkje lagt opp til kompetanseomål for trafikk- og sykkellopplæring i skulen. Det var FTU sitt hovudbodskap at dette måtte inn i læreplanane. No er forslag til nye læreplanar i skulen ute på høyring, med høyringsfrist 18. juni 2019. Kunnskapsdepartementet skal fastsetta læreplanane i haust, og dei skal takast i bruk frå skulestart 2020.

Trygg Trafikk har skrive brev til FTU der dei rår utvalet til å gi eit høyringssvar avgrensa til læreplan for kroppsøving, då denne er relevant for framtidig trafikkopplæring i skulen. Brevet frå Trygg Trafikk er vedlagt saka.

Framlegg til høyringsuttale frå FTU

I brevet kjem Trygg Trafikk med eit forslag til uttale frå FTU. Forslaget lyder slik:

Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) i Hordaland fylkeskommune syner til høyringa om nye læreplanar i skulen. Me har følgjande innspel avgrensa til kroppsøvingsfaget:

FTU er nøgd med at trafikkopplæringa er tilbake i kroppsøvingsplanen, etter å ha vore fjerna i den fyrste skissa som vart lagt ut for innspel. Slik opplæring er heilt nødvendig sett i ljós av det nasjonale målet om at åtte av ti barn skal sykla og gå til skulen, samt Hordaland fylkeskommune si eiga sykkelsatsing.

Trafikkopplæring er vidare eit viktig bidrag til nullvisjonen som det er brei politisk semje om. Fleire nasjonale aktørar, m.a. Utdanningsdirektoratet, har plikta seg til dette arbeidet gjennom *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*.

I Hordaland fylkeskommune arbeider me kontinuerleg med å få på plass betre og meir trafikksikker infrastruktur for mjuke trafikantar. Samtidig må me bidra til ein god trafikkultur gjennom innbyggjarane med kunnskap om trafikkreglar, risikoforståing og bruk av tryggleiksutstyr. Grunnlaget for god trafikantåtferd gjennom livet vert lagt i barneåra og skulen er ein arena der me kan nå alle.

FTU i Hordaland har tradisjonar for å støtta opp under trafikk- og sykkellopplæringstiltak i skulen, t.d. opplæringsressursar som Trygg Trafikk sin sykkelprøve, samt støtta kurs for tilsette, lærarar og studentar. Tiltaka er forankra gjennom fylkeskommunale tilskotsordningar og inngår i FTU sin tiltaksporfølje. Opplæring og kurs er òg sentrale aktivitetar som ein del av godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune», som Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk samarbeider om. Slik sett ser me på det som svært viktig at kompetanseomål bidreg til god forankring av trafikktryggleik i oppvekstsektoren.

FTU er difor positive til dei føreslåtte kompetanseområla relevante for trafikkopplæring:

- Etter 2. trinn: «øve på trygg ferdsel i trafikken»
- Etter 4. trinn: «forstå og følge regler i trafikken»
- Etter 10. trinn: «vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktiviteter, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel».

Me står også at det vert lagt opp til kompetanseomål relatert til tryggleik, førstehjelp, skadebehandling, samt varierte rørsleaktivitetar på vg. 1,2 og 3.

FTU har to tilleggsforslag:

Under «verdier og prinsipper»:

Her manglar omgrepet «sykling» i omtale av dei ulike aktivitetsformane som faget skal fokusera på. Det er eit uheldig signal til kroppsøvingslærarane når dei skal prioritera tidsbruk i opplæringa. Sykkel er eit viktig framkomstmiddel for barn i trafikken over heile landet, ikkje minst til og frå skulen. Skuleeigaren har dessutan eit lovfesta ansvar for barna sin tryggleik langs skulevegen, jf. opplæringslova. Talet elevar som skadar seg på skulevegen er omfattande, ifølgje lokale legevaksundersøkingar. Sykling bør derfor verta omtala eksplisitt på linje med andre sentrale aktivitetar i kroppsøvingsfaget.

FTU i Hordaland føreslår difor i sin høyringsuttale følgjande tillegg i teksten:

«Bevegelseskultur i form av leik, friluftsliv, dans, symjing, sykling, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar er ein del av den felles danninga og identitetsskapингa i samfunnet».

Under «Kompetansemål 7. trinn»:

Framlegget legg ikkje opp til kompetansemål relevant for trafikkopplæring etter 7. trinn. Det er uheldig fordi elevar vert stadig meir aktive og sjølvstendige trafikantar i denne alderen. Samtidig er dei svært sårbarer i trafikken og treng å forstå og handtera risiko. Dette er viktig kunnskap i eit trafikkbilete som vert stadig meir komplisert, m.a. med nye variantar av små elektriske køyretøy, som me no ser det truleg vert meir av i Bergen og truleg fleire tettstader i Hordaland, framover.

FTU i Hordaland føreslår difor i sin høyringsuttale eit nytt kompetansemål etter 7. trinn:

«Eleven skal kunne ferdes trygt i trafikken til fots og på sykkel, forstå risiko knyttet til uoppmerksomhet og manglende bruk av sikkerhetsutstyr».

Me ynskjer lukke til med ferdigstilling av læreplan i kroppsøvingsfaget.

Med helsing,
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland

Fylkesrådmannen si tilråding

Det er særskilt positivt at kompetansemål for trafikkopplæring er inne i framlegg til nye læreplanar, når ein tenkjer på at dei i skissene til nye læreplanar var heilt fråverande. Dei tillegga som vert føreslått av Trygg Trafikk i framlegget til høyringsuttale er fornuftige og godt grunngitte. Fylkesrådmannen rår til at fylkestrafikksikringsutvalet gir ein uttale til høyringa om nye læreplanar i skulen, i tråd med framlegget i saka.